

Då Sinclair fall for bondehand



[GEIR ARNE SOLHEIM]

På E6 i Gudbrandsdalen, midt mellom dei to største byane i Noreg, finn vi busstoppestaden Vertshuset Sinclair på Kvam. I år er dette ein meir sentral plass enn vanleg, som ein del av den offisielle hundreårsmarkeringa. Samstundes er historia om Sinclair, både det som hende, og slik det vart framstilt i etterkant, eit teikn på ein norske kamp for sjølvstende.

Ekspressbussane frå Møre og Nordfjord har alltid ein stopp på 25 minutt på Vertshuset Sinclair. Vertshushaldar Jon Selfors har eit medvite forhold til lokalhistoria. Han har mellom anna samla fleire historiske gjenstandar frå tida kring 1905. Frå 16. mai og ut året kan ein sjå utstillinga på vertshuset. Selfors har òg halde ved like legenda om skotten Georg Sinclair.

Ein tvilsam flokk

Det finst både ein romantisert populærversjon av hendingsane og ein meir historisk kritisk versjon. Utgangspunktet for dramaet er Kalmarkrigen (1611–1613). Svenskane, som låg i strid med Danmark-Noreg, hadde hyra inn 350 skotske soldatar for å vinne krigen. Dei vart ofte framstilte som ein gjeng med proffe leigesoldatar. Denne myten er truleg eit resultat av at nasjonen i ettertid har hatt eit skrikande behov for sine eigne heltehistorier. Ifølgje historikaren Rolf Rasch-Engh var den skotske hæren «ein høgst tvilsam flokk, som mangla erfaring og øving som soldatar. Heller ikkje var dei fullt væpna».

Krigen på Kringen

Dei skotske soldatane skulle ta seg fram til Sverige gjennom dei norske fjordane og dalane.

Peder på Klungnes i Romsdal fekk skottane til å tru at Romsdalsfjorden var full skjer og rev som gjorde det umogleg for dei å segle der. Denne løgna resulterte i at skottane måtte ta beina fatt rundt fjorden, noko som forseinka dei ein dag.

Det vart gjort forsøk på å stoppe soldatane fleire stadar, men det lukkast ikkje før skottane hadde kome over Lesja og eit stykke ned Gudbrandsdalen. Slaget sto nokre kilometer sør for Otta 26. august 1612. På Kringen på Sel var bønder frå Lesja, Vågå og Lom samla til bakhaldsatak. Prillar-Guri prilla på bukkhornet sitt for å varsle bøndene om når skottane kom. Ved å rulle tømmerstokkar nedover vegen sette bøndene ein effektiv stoppar for hæertoget. Mange har fått inntrykk av at dette var det avgjerande grepet i slaget. Sanninga er heller at bøndene var godt utrusta med

Fakta >

VISSTE DU AT...

...scena som har vore nytta på Sinclairspelet på Klungnes i Romsdal dei førre tre åra, ligg akkurat der skottane vart lurte i land av bonden Peder på Klungnes i 1612? Det vart spel i år òg, denne gongen på Lesja 4. august. Bakteppet for spelet er den grufulle nedslaktinga av skotske leigesoldatar i Gudbrandsdalen i 1612. www.sinclairfestivalen.com

gevær som «plukka ned» dei langt på veg hjelpelause soldatane frå lang avstand. Bøndene vann difor slaget overlegent. Det heiter seg at offiser Georg Sinclair var den første som fall. Den romantiske historieforteljinga vil ha det til at han var leiaren for skottane, men det stemmer ikkje ifølgje Rasch-Engh. Sinclair vart truleg plukka ut som det første målet fordi han var så utspjåka og lett synleg i terrenget. Likevel står Sinclair-namnet støtt i regionen, som eit minne om den store sigeren.

Kjelder:

Rolf Rasch-Engh: Herr Sinclair som dro over saltan hav ... (Hefte, 1996)
Thomas Michell: Historien om den skotske ekspedisjon i Noreg i 1612 (1997)